

## Konrad: «Syd-Afrika» «Et forbilde for Afrika...»

Måndag 12. mars starta aksjon mot apartheid, særleg innretta mot apartheid-staten Sør-Afrika. Apartheid er rasisme og trakassering sett i system - på alle livsområde - og Sør-Afrika er eit reindyrka døme på ein apartheid-stat. Den 22.-24.mars vil det bli arrangert høyring i Oslo om den trakasseringa og undertrykkinga den opprinnelege befolkninga - Sør-Afrikas svarte fleirtal - blir utsett for.



Samstundes med dette køyrer TKSF ein aksjon som berre kan kallast aksjon for apartheid-staten Sør-Afrika.

Dei annonserer at dei vil oppheva boikotten mot Sør-Afrikanske varer i Samskipnadens bedrifter, og Tapirs styre opphevar faktisk denne boikotten utan mandat frå Studenttinget (TKSF's framste u-landspolitikkar, Benedicte Brøgger, sit i Tapirstyret).

"Demokrati" er eit av TKSF's slagord. Dei brukar manglende demokrati som sitt hovudargument mot sosialismen, og mot oss. No viser det seg at dei sjølve i praksis bruker udemokratiske metodar - for å støtta ein av verdens verste diktaturstatar.

### UTDRITING AV SJØLVSTENDIGE STATAR:

Det nye med TKSF's standpunkt - slik det er presentert gjennom KONRAD-programmet - er at dei no forsvarar Sør-Afrika som eit "foregangsland" i Afrika, og drit ut nabostatane i det sørlege Afrika fordi dei har økonomiske og sosiale problem. Nokre smakebitar frå TKSF-radioen:- Når Noreg hjelper landa i det sørlege Afrika er dei ikkje berre "heilt urealistiske", men også "mer opptatt av politiske motiver enn av ønsket om å hjelpe landene i syd"

- Derfor har vi "bare å akseptere at et fruktbart samarbeid allerede eksisterer mellom Syd-Afrika og resten av det sydlige Afrika"

- Ingen ting må få "overskygge det faktum at Syd-Afrika er det eneste landet i Afrika som har vist hvordan landbruk og industri skal utvikles under afrikanske forhold." De andre landa har altså ikke skjont at de må innføre apartheid? Eller er de rett og slett for dumme? Versågod - tolk det som du vil!

(forts neste side)

Dette er ikkje Høgre-politikk. TKSF går lengre enn sjølv Fremskrittspartiet er villig til å gå. Geir Almås, Fr.p.-formann i Trheim, seier at FrP er mot U-hjelp til det sørlege Afrika, i motsetning til regjeringa, men han vil ikkje uttala seg om det økonomiske samarbeidet mellom sør-Afrika og resten av det sørlege Afrika.

Kva består "det fruktbare samarbeidet" mellom Sør-Afrika og nabostatane i? -Bombing og massakrar av menneske og materiell i nabostatane for å tvinga dei til samarbeid.

- Oppbygging av geriljahær for å ta knekken på Mugabes Zimbabwe, Angola og Mozambique.

- I desember -82 bomba dei 34 av dei 37 oljetankane Zimbabwe hadde i Mozambique. Dermed stengte dei oljetilførselen til Zimbabwe. Resultat: Økonomien gjekk i stå. Då Zimbabwe prøvde å pumpa oljen direkte gjennom røyrledningane, vart også desse sprengt. Resultat: Mugabe måtte i hemmelighet gjenoppta sambandet med Sør-Afrika, og be på sine kne for å få lov til å transportera olje gjennom Sør-Afrika:

#### "BELØNNER INITIATIV - EFFEKTIV OG STABIL ADMINISTRASJON."

Om dei indre forholda i Sør-Afrika har KONRAD følgjande å seie:

- "De har betalt for sin egen utvikling ved å bygge opp alt det de andre mangler(!)"

- Sør-Afrika har "en økonomisk struktur som belønner initiativ og foretaksomhet og en offentlig administrasjon som er både effektiv og stabil".



Kven har betalt for velstanden til Sør-Afrikas kvite herskarklasse? Jo, det har den svarte befolkninga i heile det Sørlege Afrika gjort med blod og sveitte. Først som slava seinare som billeg arbeidskraft i kapitalistisk industri og jordbruk, inngjerda i bantustans, under voldele disiplin og under væpna kontroll.

#### TKSF's POLITISKE KONKLUSJON ?

WHITE IS BEAUTIFUL  
-ORANGES ARE AT LEAST  
BETTER THAN BLACKS.

Den Sør-Afrikanske staten er i sanning effektiv og "stabil". Effektiv p.g.a. eit væpna og om-synsløst politi som dagleg bryt menneskerettane. "Stabil" forsåvidt som topp-posisjonane og rikdommane går i arv innafor den kvite herskar-klassen.

#### DEMOKRATISKE RETTAR -

#### ØKONOMISK OG SOSIALT KAOS

KONRAD ønskjer ikkje "demokratiske retter over natten, som i alle fall slik vi ser det, vil føre til økonomisk og sosialt kaos. "

Også her går dei lengre enn Fremskrittspartiet. Geir Almås, FrP-formann i Trondheim, seier til TK at han generelt er imot revolusjonar men at det "kanskje trengs en slik revolusjon i Sør-Afrika."

Det er mildest talt oppsiktsvekkende at TKSF, som i diskusjoner om t.d. NICARAGUA, nettopp har forsvart opprørsgeriljaen fordi landet ikkje er demokratisk nok, og bryt menneskerettar. Berre i tilfellet Sør-Afrika, som har ein enorm økonomisk styrke til å klara ei slik omveltning, går dei altså imot innføring av demokrati "over natta".



TKSF OG FREMSKRITTSPARTIET  
- SAMME ULLA

Fram til 1982 framstod TKSF som "moderate" borgarlege student-politiakara. Dei var normale Høgrefolk, villige til å "samla" heile den borgarlege sida i student-politikken. Dei reklamerer då også endå med at dei rekrutterer frå heile den borgarlege leiren. Det må då framstå som litt av eit tankekors for mellompartias tilhengjarar og normale Unge Høgre-veljarar å tilhøyra eller stemma på ein slik front idag. Idag framstår da denne fronten som ein rein Fremskrittsparti-fløy innafor Høyre.

1. TKSF støttar varmt regimet i Sør-Afrika. Radioen deira - KONRAD - hadde den 6.3 ein heil times einssidig forsvar for det Sør-afrikanske regimet.
2. Dei angrip derimot det nyfødde Sandinist-regimet i Nicaragua for å vera dei største forbrytarane mot menneskerettane i vår tid. Dette trass i at dei har befridd Nicaraguas folk frå Somozas terrorist-regime, slit med USA-regissert intervensjon og berre har fått 2 år på seg sidan dei overtok Somozas skraphaug.
3. TKSF angrip regjeringa frå ein ytre høgre-posisjon. Dei seier rett ut at mellompartia har fått for mykje gjennomslag i Statsbudsjettet. Angrepa på offentlege utgifter er altså for små ifølgje TKSF: "De offentlige utgiftene øker med 2.2%, og dette svarer ikke til våre forventninger om reduserte statsutgifter." "En ren Høyre-regjering kunne kjørt ut med det den mente var riktig, så ble det forbrukspartiene, unnskyld, mellompartiene, som i åpen debatt måtte ta den politiske belastning av avvikende oppfattelser."
4. Dei fører kampanje for porno.
5. Dei er imot kjønnskvotering, og mot likestilling i praksis.

6. Dei hyller ukritisk all reklame i nærradio og TV. Dermed vil dei oppnå å få knekt opposisjonelle radioar og hindra ein differensier nærradio.
7. Dei er for privatisering av helse-sektoren og retten til å snika i køen for legetenester. (Her var dei ute lenge før Høgre.)
8. Dei trykkjer artiklar som propaganderar for å forby fagforeiningar: ..for å avskaffe minimumslover og antitrustlover og avskaffe fagforeningenes legale makt."



Samtlege sitat ovanfor er henta frå TKSF-organa Kontekst, kontekst-Ekstra og KONRAD.

Når TKSF's leiarar blir konfrontert med dette, får vi svar av typen: "Det tenkes høyt i TKSF." Problemet er at det etter kvart kun er høgre-ekstreme tankar som blir tenkte i TKSF's eksterne fora. Dei andre tankane som eventuelt måtte finnast, held dei for seg sjølve.

## SLÅ TILBAKE !

Først og fremst sosialistar og revolusjonære, men også alle andre demokratisk innstilte menneske og apartheid-motstandarar må reagera skarpt mot KONRAD's utspel.

**KONRAD kunne** fortelja oss at dei-  
ra program var eit ledd i TKSF  
sin kampanje for å oppheva boikott-  
vedtaket mot Sør-afrikanske varer  
i Samskipnaden/Tapir "med noe av  
den begrunnelse vi her har gitt."  
(KONRAD 6/3). Eit dementi frå TKSF  
må derfor betraktast som ein tak-  
tisk retrett, fordi det bles for  
hardt rundt dei.

TKSF- og Unge Høyre-medlemmer vi  
har vore i kontakt med er nokså for-  
tørna over programmet. Reaksjonane  
varierer frå "rabiatt" til "ubalan-  
sert." (Der finst TKSF-medlemmer  
som kunne tenkja seg å bomba det  
Sør-Afrikanske regimet til retrett.)  
Leiande Unge-Høyre-folk i byen mei-  
ner at U-hjelp til randstatane net-  
topp skal tena til å gjera dei meir  
uavhengige av Sør-Afrika.

EIN DEL folk i sentrale posisjonar  
i TKSF har over lang tid jobba over-  
tid for å trekkja Høyre over på  
Fremskrittspartiet sine linjer i  
heilt sentrale politiske spørsmål.  
TKSF UTGJER IDAG EIN REINHEKLA  
FREMSKRITTSPARTIFLØY I HØYRE.  
Dei kjem til å halda fram som dei  
stevner til dess dei treffer på  
noko hardt.  
RADIKALE OG DEMOKRATISK INNSTILTE  
STUDENTAR: VAKN OPP!! VIS HØGRE-  
EKSTREMISTANE I TKSF EI KALD SKUL-  
DER. Møt dei med open kamp over alt  
der dei stikk nasen fram. Det er  
det einaste språket dei forstår.

Kan demokratisk innstilte TKSF-og  
UH-medlemmer finna seg i at TKSF-  
og Unge Høyre-leiinga i Trondheim  
overordnar hensynet til høyre-ekstre-  
mistiske partifeller over DYKKAR  
STANDPUNKT MOT APARTHEID ? I så fall  
har høyre-ekstremistane fått farleg  
stor makt i TKSF.



DET HAR LENGE GÅTT EIN CARL I HØYRES HAGE.  
TKSF HAR TATT HAN OPP SOM FULLVERDIG FAMILIEMEDLEM.